

## Stiftelsestilsynet - hjelpeskjema

### Skal fyllast ut av stiftelsen, og leggast ved søknad om vedtektsendring

Namn på stiftelsen	Organisasjonsnummer
e-post adresse	Telefonnummer

Stiftelsestilsynet må ha all dokumentasjon som går fram av dette skjemaet for å behandle søknaden. Manglande innsendt dokumentasjon vil føre til at søknaden blir avvist/avslått. Kontrollér difor at følgjande vurderingar er gjort, og at dei nødvendige dokument lagd ved.

	Kryss av
<p><b>1. Er stiftelsens namn, org.nr., og kontaktinfo utfyllt?</b></p>	
<p><b>2. Plikt til å vurdere mindre inngripande endringar, jf. stiftelseslova § 47</b></p> <p>Vedtektsendringar skal, så langt råd er, tilpassast det formålet som ein reknar med ligg til grunn for bestemmelsen som skal endrast. Endringa skal difor ikkje gå lenger enn det som er nødvendig.</p> <p><b>Kontrollspørsmål: Er dette gjort greie for i styrevedtaket?</b></p>	
<p><b>3. Uttale frå opprettar, jf. stiftelseslova § 49</b></p> <p>Om det ikkje er oppretteren sjølv som har søkt om vedtektsendring, skal det hentast inn uttale frå opprettar. Er oppretteren død, skal det om mogeleg hentast inn uttale frå slektingar og andre som har stått han eller henne nær, frå organisasjonar, offentlege styresmakter og andre som blir påverka av endringa. Det er tilstrekkeleg at styret legg fram dokumentasjon på at opprettar har fått høve til, innan ein gitt frist, å gi uttale. Dersom det ikkje er råd å hente inn uttale frå opprettar, skal stiftelsen forklare kvifor.</p> <p><b>Kontrollspørsmål: Er uttale frå berørte partar lagt ved, eventuelt gjort greie for i søknaden?</b></p>	
<p><b>4. Vedtak frå styret / anna organ, jf. stiftelseslova § 48</b></p> <p>Det er styret som søker om vedtektsendring. Signert styreprotokoll må sendast inn. Protokollen må klårt vise at det er fatta styrevedtak om å endre vedtektene, og kva konkrete endringar som er gjort, jf. stiftelseslova § 31 siste ledd. Det skal leggast ved vedtak frå det organet, ofte styret, som har kompetanse til å vedta vedtektsendring.</p> <p><b>Kontrollspørsmål: Er signert styreprotokoll lagt ved?</b></p>	
<p><b>5. Grunngeving for vedtektsendringa, jf. stiftelseslova § 46</b></p> <p>Vilkåra for vedtektsendring går fram av stiftelseslova § 46. Det må gjevast ei grunngeving frå styret eller opprettar om kvifor vedtektene skal endrast på det konkrete punktet. Grunngevinga må være knytt til <u>minst eitt</u> av vilkåra i § 46 første eller andre ledd. Stiftelsestilsynet skal vurdere om vilkåra for å endre vedtektene er oppfylt.</p> <p><b>Kontrollspørsmål: Er søknaden begrunna i samsvar med krav i stiftelseslova § 46?</b></p>	
<p><b>6. Nye vedtekter</b></p> <p>Dei nye vedtektene skal være datert av styret.</p> <p><b>Kontrollspørsmål: Er nye daterte vedtekter lagt ved?</b></p>	